



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
43/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Knut Trefall	FE-121	22/321

REGIONAL PLAN FOR FORNYBAR ENERGI I VESTLAND FYLKE - HØYRINGSUTTALE PLANPROGRAM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune gjev slik høyringsuttale til planprogrammet for regional plan for fornybar energi 2022-2035.

«Viser til høyring på planprogram for regional plan for fornybar energi 2022-2035, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale. Vaksdal er ein kraftkommune som har historie for å huse både kraftkrevjande industri og fleire større vasskraftverk. Vasskraftverka ein finn i kommunen har ei samla midlere årsproduksjon på over 1 400 GWh. Kommunen tykkjer det er flott at Vestland fylkeskommune no utarbeidar regional plan for fornybar energi og trur denne vil gje eit godt grunnlag for klimaomstilling i fylket.

Plantema - Kraftsituasjonen i Vestland

Vaksdal kommune vil lyfte fram kraftnettet som særst viktig tema knytt til fornybar omstilling og samfunnsutvikling. Trass den store mengda vasskraft som vert produsert innan kommunegrensa er kapasiteten i kraftnettet svært avgrensa, som til dels i Bergsdalen og Eksingedalen, og kommunen ser ofte vegen fram til å henta ut meir straum som vanskeleg. Det bør vurderast å løfte fram «uttak av lokal straum» som eit eige plantema. Det kan og gjerast vurderingar av moglegheita for å ta ut kortreist kraft, til dels til produksjon av fornybare energiberarar som hydrogen, og tilrettelegging av kraftnett og kraftuttak som og kjem fornybarstadane til gode. For Vaksdal kommune er dette spesielt relevant som ein av dei hovudansvarlege i arbeidet med K5 (ny E16) som fossilfri anleggsplass.

Planprogrammet peiker på drøfting knytt til distribusjon av energi til dei delane av fylket med kraftkrevjande industri og kor grøn vekst har størst moglegheiter. Å sjå på moglegheita for å flytte kraftkrevjande verksemder til betre eigna stadar kan bidra til å løfte fleire delar av Vestland fylke med grøn vekst samstundes som ein kan nytte kraftnettet meir optimalt og spare utbyggingar.

Innhald i plantema - Sekundærprodukt frå hydrogen og fornybar energiproduksjon

Planprogrammet nemner at prosessen vil sjå på bruk av sekundærprodukt frå produksjon av grønt hydrogen. Spillvarme er eit biprodukt frå hydrogen som kan nyttast til fjernvarme eller i andre

prosessar, og i omstillinga til eit grønt samfunn må ein sjå heile verdikjeda. Det kan og sjåast nærare på om spillvarme kan knytast til fleire av alternativa ein har til produksjon av fornybar energi».

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 43/2022

FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune gjev slik høyringsuttale til planprogrammet for regional plan for fornybar energi 2022-2035.

«Viser til høyring på planprogram for regional plan for fornybar energi 2022-2035, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale. Vaksdal er ein kraftkommune som har historie for å huse både kraftkrevjande industri og fleire større vasskraftverk. Vasskraftverka ein finn i kommunen har ei samla midlere årsproduksjon på over 1 400 GWh. Kommunen tykkjer det er flott at Vestland fylkeskommune no utarbeidar regional plan for fornybar energi og trur denne vil gje eit godt grunnlag for klimaomstilling i fylket.

Plantema - Kraftsituasjonen i Vestland

Vaksdal kommune vil lyfte fram kraftnettet som særst viktig tema knytt til fornybar omstilling og samfunnsutvikling. Trass den store mengda vasskraft som vert produsert innan kommunegrensa er kapasiteten i kraftnettet svært avgrensa, som til dels i Bergsdalen og Eksingedalen, og kommunen ser ofte vegen fram til å henta ut meir straum som vanskeleg. Det bør vurderast å løfte fram «uttak av lokal straum» som eit eige plantema. Det kan og gjerast vurderingar av moglegheita for å ta ut kortreist kraft, til dels til produksjon av fornybare energiberarar som hydrogen, og tilrettelegging av kraftnett og kraftuttak som og kjem fornybarstadane til gode. For Vaksdal kommune er dette spesielt relevant som ein av dei hovudansvarlege i arbeidet med K5 (ny E16) som fossilfri anleggsplass.

Planprogrammet peiker på drøfting knytt til distribusjon av energi til dei delane av fylket med kraftkrevjande industri og kor grøn vekst har størst moglegheiter. Å sjå på moglegheita for å flytte kraftkrevjande verksemder til betre eigna stadar kan bidra til å løfte fleire delar av Vestland fylke med grøn vekst samstundes som ein kan nytte kraftnettet meir optimalt og spare utbyggingar.

Innhald i plantema - Sekundærprodukt frå hydrogen og fornybar energiproduksjon

Planprogrammet nemner at prosessen vil sjå på bruk av sekundærprodukt frå produksjon av grønt hydrogen. Spillvarme er eit biprodukt frå hydrogen som kan nyttast til fjernvarme eller i andre prosessar, og i omstillinga til eit grønt samfunn må ein sjå heile verdikjeda. Det kan og sjåast nærare på om spillvarme kan knytast til fleire av alternativa ein har til produksjon av fornybar energi».

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet vedtok 09.03.22 å sende framlegg til planprogram for Regional plan for fornybar energi 2022-2035 ut på høyring. Høyringsfristen er 23. april 2022. Vaksdal kommune har fått innvilga utsett

høyringsfrist og kan sende innspel innan 28. april 2022.

Les meir om planprogram og planarbeidet på

<https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyringar/hoyring-regional-plan-for-fornybar-energi/>

Regional plan for fornybar energi er bestilt av Fylkestinget gjennom Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 som blei vedteke september 2020.

Vestland set seg høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i Utviklingsplan for Vestland. Skal vi lukkast med ein god kraftbalanse og sikker kraftforsyning som bidrar til den grønne verdiskapinga er produksjon av og tilgang til fornybar energi vesentleg. Planprosessen vil fokusere på korleis Vestland skal lukkast med å løyse utfordringane knyta til energi, og skal munne ut i ein Regional plan for fornybar energi.

Innbyggjarar, kommunar og andre samfunnsaktørar får høve til å påverke den kommande plan for fornybar energi i Vestland tidleg, gjennom å komme med høyringsuttale til planprogrammet. For alle regionale planar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Eit planprogram skal gjere greie for

- Føremålet med planarbeidet
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreiingar
- Planprosessen med fristar og deltaking

I Utviklingsplan seier fylkeskommunen at det er behov for ein ny og tydeleg regional politikk på energifeltet. Ein god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er ein viktig føresetnad for vidare verdiskaping i fylket. Det er eit stadig større elektrifiseringsbehov, meir fornybar kraftproduksjon, nye industriar og endra forbruksmønster som aukar presset på kraftsystemet, samtidig som det aukar presset på areal og landskap.

Regional plan for fornybar energi skal fastsette mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi.

Avgrensingar

Planen vil inkludere produksjon og distribusjon av fornybar energi og kor mykje kvar enkelt energikjelde kan tilføre av kraft i planperioden. Kraft frå havvind vil bli nemnt og diskutert korleis denne krafta vil påverke kraftsystema, men ikkje satt mål om denne produksjonen sidan denne er utanfor fylkesgrensene. Energieffektivisering for å redusere klimagassutslepp vil være tema i regional klimaplan og derfor vist dit frå denne planen.

Overordna mål for planarbeidet

Planen sitt oppdrag er å fastsette mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi. Denne planen skal erstatte dei alle dei gamle planane frå Sogn og Fjordane og Hordaland som omhandlar produksjon av kraft. Ein skal vurdere energikjeldene som har sin opphav i naturens eige kretsloop og som kan fornyast. Dette inneber og eit estimat over kor mykje energi som vil kome frå fornybare energikjelder i løpet av planperioden. I prosessen skal ein og vurdere korleis retningslinene for arealbruk i gjeldande plan for vindkraft og regionale planar for småkraftverk skal vidareførast. Kraftforsyninga i fylket skal utgreiast. Vestland har høgast kraftproduksjon av fylka i Noreg og eksporterer kraft ut av fylket. Samstundes manglar fleire av kommunane i fylket kraft for vidare vekst av grøn industri. Planen vil sette retningsliner for ein fleksibel og sikker kraftforsyning som er ein viktig føresetnad for vidare grøn verdiskaping i fylket. Planen vil vise strategisk retning i arbeidet med fornybar energi, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Vedteken plan skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd, samt kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen (PBL § 8-2).

Plantema

Planprogrammet legg opp forslag til tre plantema basert på oppdraget frå Utviklingsplanen og er vist i tabell under.

Utviklingsplanen og fylket sin visjon		Berekraftig samfunnsutvikling – Berekraftig og nyskapande Vestland		
Oppdrag frå Utviklingsplanen	Fastsette mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi med god kraftbalanse og sikker kraftforsyning som viktig føresetnad. I prosessen skal ein vurdere korleis ein skal vidareføre retningslinjene for arealbruk i gjeldande regional plan for vindkraft, og regionale planar for småkraftverk			
Hovudområde i plan om fornybar energi	<i>Potensial for fornybar energi</i>	<i>Vurdere å vidareføre eksisterande retningslinjer og utarbeide nye</i>	<i>Vise samspelet i kraftsystem</i>	
Plantema	Fornybar energi i Vestland	Retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk	Kraftsituasjonen i Vestland	
Oppfølging av mål i utviklingsplanen	Mål 1 og 2	Mål 1 og 2	Mål 1, 2, 3 og 4	

Innhald i plantema er nærare skildra i planprogrammet sitt kapittel 2.

Formelt grunnlag

Vestland fylkeskommune inviterer interessantar til å gje høyringsinnspel og vil at høyringsrunden skal avklare kva tema ein skal ha hovudmerksemd på. Fylkeskommunen ynskjer særleg innspel på følgjande:

- Dei overordna måla for planarbeidet
- Val av plantema
- Innhald i plantema
- Organisering og medverknad

Høyringsinstansane kan og kommentere innhaldet i planprogrammet fritt.

Vurdering:

Kommunedirektøren har basert framlegg til høyringsuttale på situasjonen i Vaksdal kommune. Uttalen er skriva på overordna nivå slik at den og kan gjelde andre kommunar med same utfordringar.

Framlegg til uttale:

Plantema - Kraftsituasjonen i Vestland

Vaksdal kommune vil lyfte fram kraftnettet som særst viktig tema knytt til fornybar omstilling og samfunnsutvikling. Trass den store mengda vasskraft som vert produsert innan kommunegrensa er kapasiteten i kraftnettet svært avgrensa, som til dels i Bergsdalen og Eksingedalen, og kommunen ser ofte vegen fram til å henta ut meir straum som vanskeleg. Det bør vurderast å løfte fram «uttak av lokal straum» som eit eige plantema. Det kan og gjerast vurderingar av moglegheita for å ta ut kortreist kraft, til dels til produksjon av fornybare energibærarar som hydrogen, og tilrettelegging av kraftnett og kraftuttak som og kjem fornybarstadane til gode. For Vaksdal kommune er dette spesielt relevant som ein av dei hovudansvarlege i arbeidet med K5 (ny E16) som fossilfri anleggsplass.

Planprogrammet peiker på drøfting knytt til distribusjon av energi til dei delane av fylket med kraftkrevjande industri og kor grøn vekst har størst moglegheiter. Å sjå på moglegheita for å flytte kraftkrevjande verksemdar til betre eigna stadar kan bidra til å løfte fleire delar av Vestland fylke med grøn vekst samstundes som ein kan nytte kraftnettet meir optimalt og spare utbyggingar.

Innhald i plantema - Sekundærprodukt frå hydrogen og fornybar energiproduksjon

Planprogrammet nemner at prosessen vil sjå på bruk av sekundærprodukt frå produksjon av grønt hydrogen. Spillvarme er eit biprodukt frå hydrogen som kan nyttast til fjernvarme eller i andre prosessar, og i omstillinga til eit grønt samfunn må ein sjå heile verdikjeda. Det kan og sjåast nærare på om spillvarme kan knytast til fleire av alternativa ein har til produksjon av fornybar energi».